

nr. 3 - 2013

PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular

alle fotos: frukthagen.no



DYRKAR KUNNSKAP



Eplesyltetøy laga av barnehagebarn (Foto: Fruktdugnad.no)

Jennifer vaks opp i Skottland på 70-talet, i eit hus med stor frukthage og ei mor som tok vare på all frukta. – Eg og søskena mine åt alt mogleg av frukt og bær medan me leika, og lærte dermed å ta vare på ressursane rundt oss. Slike innstillingar tek ein med seg resten av livet. **TEKST: JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR**



lage ein kampanje for å få ho sold. Det vart ein suksess, og dei selde frukt på torget for 20 000 kroner til svoltramma i Somalia.



Eplekunst



Produksjon av saft

Jennifer McConachie vil gjerne inspirere barnehagar til å ta vare på frukta og maten me har rundt oss.

For tre år sidan flytta Jennifer til Horten med eit lite barn og ein baby på veg. Målet var å gje familien lokal, økologisk mat utan sprøytemiddel og kjemikaliar. Det skulle vise seg å ikkje bli så enkelt.

– Det var vanskeleg å få tak i lokal, økologisk frukt i butikkane. Samstundes såg eg all



frukta som låg og rotta i hagane til folk.

McConachie fekk ein idé om å organisere ei gruppe frivillige til å få plukke frukta og

Det var starten på organisasjonen Fruktdugnad

– Barnehagar kan bruke Fruktdugnad som ein ressurs for eigne matprosjekt der ein finn kunnskap, utstyr, rettleiing og idear.

I matprosjektet inviterer Fruktdugnad barnehagane med på eit kurs som kan vare ein eller to dagar. Her kan ein vere med på hausting av frukt og lære om når frukta er moden, bruk av epleplukkarar og ha det kjekt med å klatre i trea for å få frukta ned. Ein lærer òg å identifisere ulike typar frukt og korleis ein best kan ta vare på den.

– Me samanliknar eit eple me haustar, med eit eple i butikken som kjem frå eit anna land. Då lærer me om økologisk og rein mat, seier Jennifer.

I matprosjektet er det også rom for epleforteljingar og eplekunst. Borna skal bli inspirerte til å finne dei gode historiene og dei kreative uttrykka.

– Kva vil de oppnå med prosjektet?

– At borna får oppleve kor maten vår kjem frå, sjå verdien av dei naturlege ressursane, få kunnskap om å laga mat og ikkje minst oppleve

LESARAR TRENG GODE BØKER – OG OMVENDT

gleda av å hauste.

For Fruktdugnad er det viktig å nå ut til både barnehagar, folk med frukt i hagane, frivillige som vil stille opp i prosjektet, og skular som kan nytte seg av det.

No ynskjer Jennifer og resten av gjengen i Fruktdugnad å utvikle seg til ei bedrift med eige fruktpresseri som både produserer saft og stimulerer til at folk brukar frukta.

– Kva er ditt tips til barnehagar som vil starte eit fruktprosjekt?

– Mange barnehagar har fruktre sjølve eller familiar med frukt heime. Ein eldre nabo som bur åleine, kan også setje pris på hjelp og bli veldig glad for besøk. Spør ein butikk etter fruktøskjer, du kan gje vekk frukta til gode formål, eller du kan selje ho. Epleplukkarar som ein fester på kosterkaft, kjøper ein billig, sjekk om det er lokale frukthaustringssprosjekt eller ei lokal bedrift ein kan samarbeide med om utstyr. Det finst ofte mykje solbær, nyper og bringebær på offentlege stader, som kan haustast og bli til syltetøy.

Les meir om prosjektet på fruktugnad.no

Nynorske barnebøker held fram med å halda høg kvalitet. Det siste året har mellom anna gjeve oss perla Jakob og Neikob – Tjuven slår tilbake av Kari Stai, ei flott biletbok som vann både Kritkarprisen og Brageprisen. Andre godbitar frå året som gjekk, er Anna R. Folkestad sine herlege bøker (og appar) om dei to pingvinane Unni og Gunni, enkle bøker som byggjer opp eit sjarmerande, særprega visuelt univers. Eit anna særprega visuelt univers finn me i Elin Grimstad si Månen som ville lyse som ei sol, ei poetisk bok der illustrasjonane er laga ved hjelp av hundrevis av utklippte papirbitar. Desse tre titlane er berre nokre smakebitar, for i fjor kom det ut kring tjue nye, nynorske biletbøker. Storparten av utgjevingane var av det eg vil kalla sær høg kvalitet, bøker med flotte illustrasjonar og gode forteljingar som både borna og dei vaksne liker.

Men det hjelper lite med gode bøker dersom desse gode bøkene ikkje når fram til dei som skal formidla dei til borna. Barnehagetilsette kan lett få inntrykk av at det ikkje finst nynorske titlar, dersom dei tek seg ein tur i ein vanleg norsk bokhandel. Jamvel i norske bibliotek kan det

variera stort kva dei kjenner til og kan tilby av nynorske biletbøker. Eg kjenner barnehagetilsette som rett og slett har fått melding frå det lokale biblioteket sitt om at det ikkje finst særleg mange nynorske biletbøker. Når dotter mi, mellom anna som eit resultat av at eg har fått meldareksem-

plar av dei fleste nynorske barnebøkene som har kome ut dei siste to åra, har over sytti nynorske biletbøker i hylla si, so skulle ein tru at ein og annan nynorsk tittel skulle ha funne vegen fram til biblioteket òg?

Det er tydeleg at noko må gjerast. Kan henda det er på tide at barnehageeigarane går saman for å finna ein måte å tryggja at borna får gode møte med den nynorske litteraturen? Kvifor ikkje tilby ein standard bokpakke

til barnehagane, med dei beste nye nynorskbøkene? Bøkene finst, og dei potensielle lesarane

er mange. No må det gjerast ein ekstra innsats for å føra lesar og bok saman.



Kvifor ikkje tilby ein standard bokpakke til barnehagane, med dei beste nye nynorskbøkene?



ARILD TORVUND OLSEN ER ADMINISTRASJONS- OG KOMMUNIKASJONSKONSULENT PÅ NYNORSKSENTERET

BOKMELDING



OLAVA OG BESTEFAR

Av: Marit Heier Lajord og Line Halsnes
Samlaget 2013

Dette er ei varm og jordnær historie om Olava og bestefar. Olava er sju år og oppkalla etter bestefar Olav, som lærer henne å køyre traktor. Han har også lært henne at havet er salt, at traktoren har hestekrefter, og at namnet hennar tyder etterkommar.

Lajord teiknar trygge rammer rundt eit tun der Olava bur saman med familien sin i det eine huset og bestefar og bestemor i det andre. Dei er besteforeldre av den gamle sorten.

Medan bestemor lagar kålstuing, kjem bestefar inn til middag, klokka halv tre kvar dag. Olava og bestefar har sin eigen stein, ein ekte favorittstad der dei kan snakke om alt.

Men så skjer det som er så trist. Bestefar blir sjuk og døyr. Lajord bruker naturen aktivt i illustrasjonane og lar vinteren kome når bestefaren døyr. Det er eit klassisk grep, men det fungerer også for dei minste lesarane.

Død og sorg er vanskelege tema,

men Lajord klarer å gjere dei kvar-dagslege og nære. Ho skildrar døden utan å pakke han inn, men også utan å gjere han farleg. Mange har i dag eit distansert forhold til døden, i denne boka er det til og med utsyning med open kiste – noko som ikkje er så vanleg lenger.

Teikningane av Line Halsnes er vare og nære, dei også, og klarer å bygge opp under historia.

Judith Sørhus Littlehamar



EIN ORDSPION I BARNEHAGEN

I språkåret 2013 er eg så heldig at eg får samarbeide med ein gul- og turkis-stripa katt. Tunkatten Lurivar er ein ordsamlar og ein luring, og han har eit stort språkleg medvit.

Slik sett liknar han på ungar i barnehagen. Dei er også opptatt av språket sitt og korleis det liknar eller skil seg frå anna språk. Dei arbeidar med språket sitt kvar dag, heile tida.

Bente Eriksen Hagtvet skriv i Språkstimulering. Tale og skrift i førskolealderen. (2004) at språkleg medvit er ein kritisk faktor for at barn skal lære seg å lese og skrive. Det tyder at barnehagane må ta dette språklege medvitet på alvor.

Det forarbeidet som gjerast i barnehagane, er avgjerande for dei skuleresultata vi ser seinare.

At Noreg er eit tospråkleg land, er ein ressurs i ein slik samanheng. Alle barn i Noreg kan samanlikne og kontrastere dei to skriftspråka våre, og slik oppnå eit større språkleg medvit. Fordi dei har eit slikt samanlikningsgrunnlag,

kan dei lettare snakke om dei ulike formmessige og tydingsmessige nivåa i språket, og det gjer dei betre rusta til å lære.

Tunkatten Lurivar og eg har vore så heldige å få vere med på ein barnehageproduksjon der språkleiken er sentral. Initiativet kjem frå Nynorsk kultursentrum. Arbeidstitelen er «Oppdrag alfabet», og produksjonen skal stå ferdig i mai. Lurivar har sjølvsagt hovudrolla, mens eg får

vere med å legge ord i munnen på han. Det skal bli ei interaktiv framsyning der ungane skal få leike seg med språket og lytte til språket på mange ulike måtar.

Lurivar og eg håpar at vi kan inspirere

barnehagane til å leike med og ta i bruk språket, slik at ungane får oppleve orda i alle moglege samanhengar

— ein språkleg leik for kvar

rutine, ein samtale til kvar hending, i tillegg til mengder med høgtlesing, songar og ordleikar.

Dei leikane Lurivar skal ha med seg,

er varierte, slik at alle sider ved språket blir snakka om — språklydar, stavingar, grammatikk, ordrekkefølge, tyding, tekstsamanheng og kontekst. Dei skal gi ungane konkrete sansingar og fysisk aktivitet, slik at det blir lettare å hugse og forstå. Kanskje viktigast av alt: Ungane skal oppleve språket som nyttig. Det er jo den praktiske verdien av språket som motiverer dei til å utvikle det vidare.

For at barn skal få lyst til å bruke språket og lyst til å bli betre språkbrukarar, må dei vere i språkleg samspel med andre barn og vaksne. Dei må erfare at andre forstår kva dei seier. Da blir det både gøy og interessant å spørje, svare og fortelje.

Derfor snakkar Lurivar med ungane, ikkje berre til dei.



PETRA J. HELGESEN
ER PARTNER MED
FAGANSVAR FOR
LITTERATUR OG KURS I
SPRÅKFOLK.

Lenker

Tunkatten Lurivar: tunkatten.no

8 innspel for ei nynorsk språkstimulering i barnehagen:

<http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/nynorsk-for-dei-minste-opplegg-og-id%C3%A9ar/%C3%A5tte-innspele-for-ei-nynorsk-spr%C3%A5kstimulering-i-barnehagen>.

(nb denne lenkja er lang, sørg for at det ikkje oppstår mellomrom slik at ho vert broten)

for deg som jobbar med barn

[facebook/pirion](https://www.facebook.com/pirion) [@avisapirion](https://www.instagram.com/avisapirion)

www.pirion.no

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no